

# SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Åge Erstad Remvik	Arkiv:	K1 - 002
Arkivsaksnr:	14/1178 15/14520		

## Kommunereforma - framlegg av utgreiingsrapport og problemnotat

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Formannskapet	22.09.2015	108/15
Kommunestyret	01.10.2015	081/15

### Rådmannen si innstilling:

1. Sula kommunestyre tar sluttrapporten frå utgreiinga av Regionkommune Sunnmøre og utfordringsnotatet *Sula som eigen kommune* førebels til vitande.
2. Sula kommunestyre ber rådmannen førebu sak om vidare prosess for reformarbeidet i Sula kommune. Saka skal leggjast fram i første ordinære kommunestyremøte for det nye kommunestyret hausten 2015.
3. Arbeidsgruppa for kommunereforma vidarefører sitt arbeid inntil det nye kommunestyret er konstituert.
4. Sula kommune deltar i innbyggjarundersøkinga slik det vert invitert til frå Sunnmøre Regionråd. Arbeidsgruppa får fullmakt til å vurdere spørsmålet om utviding av respondentgrunnlaget og om det skal leggjast til ekstra spørsmål for Sula.

Tittel	Dok.ID
Utfordringsnotat_Sula_som_egne_kommune_etter_2020.docx	247844
Regionkommune Sunnmøre, sluttrapport pr 21.08.15 med alle vedlegg.pdf	248691
Kommunereforma - val av retning for det vidare arbeidet i Ålesund.pdf	249637
Sakspapir - Kommunereforma - val av retning for det vidare arbeidet.pdf	249638
Sunnmøre Regionråd IKS - informasjon om innbyggjarundersøking_010915.doc	249084
Vedlegg_Spørreskjema_innbyggjarundersøkinga_2014.docx	250040

### 22.09.2015 Formannskapet

Rådmannen si innstilling vart samrøystes tilrådd.

### F-108/15 Vedtak:

1. Sula kommunestyre tar sluttrapporten frå utgreiinga av Regionkommune Sunnmøre og

utfordringsnotatet *Sula som eigen kommune* førebels til vitande.

2. Sula kommunestyre ber rådmannen førebu sak om vidare prosess for reformarbeidet i Sula kommune. Saka skal leggjast fram i første ordinære kommunestyremøte for det nye kommunestyret hausten 2015.

3. Arbeidsgruppa for kommunereforma vidarefører sitt arbeid inntil det nye kommunestyret er konstituert.

4. Sula kommune deltar i innbyggjarundersøkinga slik det vert invitert til frå Sunnmøre Regionråd. Arbeidsgruppa får fullmakt til å vurdere spørsmålet om utviding av respondentgrunnlaget og om det skal leggjast til ekstra spørsmål for Sula.

### **01.10.2015 Kommunestyret**

Geir Ove Vegsund (H) sette fram slikt forslag til tilleggspunkt i formannskapet si tilråding:

*"5. Ordførar/varaordførar får fullmakt til å fungere som forhandlingsutval ved eventuelle drøftingar inntil det nye kommunestyret har sett ned eige forhandlingsutval."*

Tilrådinga frå formannskapet, med tilleggsforslaget frå Geir Ove Vegsund, vart samrøystes vedtatt.

### **K-081/15 Vedtak:**

#### **Rådmannen si innstilling:**

1. Sula kommunestyre tar sluttrapporten frå utgreiinga av Regionkommune Sunnmøre og utfordringsnotatet *Sula som eigen kommune* førebels til vitande.

2. Sula kommunestyre ber rådmannen førebu sak om vidare prosess for reformarbeidet i Sula kommune. Saka skal leggjast fram i første ordinære kommunestyremøte for det nye kommunestyret hausten 2015.

3. Arbeidsgruppa for kommunereforma vidarefører sitt arbeid inntil det nye kommunestyret er konstituert.

4. Sula kommune deltar i innbyggjarundersøkinga slik det vert invitert til frå Sunnmøre Regionråd. Arbeidsgruppa får fullmakt til å vurdere spørsmålet om utviding av respondentgrunnlaget og om det skal leggjast til ekstra spørsmål for Sula.

5. Ordførar/varaordførar får fullmakt til å fungere som forhandlingsutval ved eventuelle drøftingar inntil det nye kommunestyret har sett ned eige forhandlingsutval.

### **Bakgrunn for saka:**

Sula kommunestyre har i samband med kommunereforma vedtatt at kommunen skal greie ut to framtidalternativ - eventuell deltaking i ein større regionkommune eller å halde fram som eigen kommune. Rapportane frå dei to utgreiingsarbeida vart offentleggjort siste veka i august, og vert med dette lagt fram for kommunestyret.

Det ligg i tidsplanen for reformprosessen at endeleg vedtak i saka bør gjerast av det nye kommunestyret etter valet 2015. Det vert derfor i denne saka ikkje lagt opp til ei realitetsbehandling av innhaldet i dei to utgreiingsrapportane, men at ein vil komme tilbake til dette i framlegg til det nye kommunestyret.

Det har ikkje vore høve til å samle arbeidsgruppa i tida frå rapportane vart lagt fram til denne saka vert skriven, men eventuell innstilling frå arbeidsgruppa vil leggjast til i saka undervegs.

### **Saksopplysningar:**

#### *Sula framleis eigen kommune*

Arbeidet med å greie ut føresetnadane for å halde fram som eigen kommune etter kommunereforma har vore gjennomført i samarbeid med Giske kommune. Sula og Giske formannskap har gjennomført to felles møte, med KS Konsulent som prosessrettleiar. Styrker og svakheiter ved eigen organisering har vore drøfta, og desse vurdert opp mot ulike scenario etter reforma. KS Konsulent har summert opp drøftingane i eit problemnotat, og notatet vil ligge til grunn for den vidare prosessen.

Notatet syner tydeleg at ei vurdering av Sula si framtid som eigen kommune først og fremst vert avgjort av prosessar som i dag ligg utanfor vår kontroll. Utfalla av kommunestrukturdebatten elles i regionen, fylket og i landet vil påverke Sula sitt handlingsrom i framtida. Notatet legg til grunn at Sula i dag har storleik og føresetnadar for å kunne klare seg godt, men at utfallet av prosessane rundt om i landet vil kunne få stor innverknad på Sula si framtid.

#### *Prosjekt Regionkommune Sunnmøre*

Prosjektet Regionkommune Sunnmøre har hatt som mål å greie ut ein modell for ein framtidig storkommune på Sunnmøre. Deltakarkommunane har sjølve, i samarbeid med Sunnmøre regionråd, stått for utgreiingane. Dei har analysert sterke og svake sider og sett på moglegheiter og truslar ved å bli ein del av ein ny, større kommune. Sluttrapporten er no behandla av styringsgruppa, beståande av ordførarane i alle deltakarkommunane, og styringsgruppa har lagt fram sitt forslag til vidare diskusjon (s.22 i rapporten).

Rapporten inneheld vidare ein milepelsplan som tilseier at kommunar som vil vere med vidare i prosessen bør ha sett ned forhandlingsutval i løpet av oktober 2015, at ein eventuell intensjonsavtale må vere underteikna innan utgongen av mars 2016, og at høyring av innbyggjarane (folkerøysting for Sula sitt vedkomande) og politisk behandling må skje i løpet av april 2016.

#### *Om prosessen vidare*

Den vidare tidsplanen for arbeidet er stram, då særleg med omsyn til vidare utgreiing og forhandling om ei eventuell regionkommune på Sunnmøre. Alle kommunane i dette utgreiingsarbeidet behandlar i desse dagar sluttrapporten, og utfalla er i skrivande stund ikkje kjende. Ålesund bystyre hadde sitt siste møte for perioden 2.september, og vedtaket derfrå er formidla dei andre kommunane i prosjektet. Brev og saksframlegg er vedlagt saka.

Ei eventuell vidare deltaking frå Sula kommune i prosjekt Regionkommune Sunnmøre tilseier å gå inn i ein nærare dialog- og forhandlingsfase med dei kommunane som fortsatt vil halde fram arbeidet. Ein føresetnad for å delta i denne fasen vil vere at det er sett ned eit forhandlingsutval, ei oppgåve som naturleg vil liggje til det nye kommunestyret. Dette vil då måtte gjerast i kommunestyremøtet 19.november, dersom ikkje det nye kommunestyret ønskjer å eit ekstraordinært møte om saka, eller eventuelt sette ned forhandlingsutval i det konstituerande møtet 22.oktober.

Dersom det skal haldast rådgevande folkerøysting slik kommunestyret har lagt til grunn, og alternativa skal vere *1. halde fram som eigen kommune* og *2. delta i etablering av ei regionkommune på Sunnmøre* bør begge alternativa vere så godt utgreidd og tydelege som mogleg. Deltaking i vidare dialog- og forhandlingsfase for regionkommune Sunnmøre synast

derfor å vere ein føresetnad for å halde folkerøysting.

### *Innbyggjarundersøking*

Det ligg i vedtatt framdriftsplan for arbeidet i Sula kommune at det skal gjennomførast ei innbyggjarundersøking. Sunnmøre Regionråd har no meldt at dei vil gjenta undersøkinga som vart gjennomført for om lag eitt år sidan, og at dei vil finansiere denne. Alle kommunane får samstundes tilbod om å utvide respondentgrunnlaget frå eigen kommune, og slik redusere feilmarginane i undersøkinga, mot ein nærare spesifisert kostnad (sjå vedlegg frå regionrådet). Kommunane kan også leggje inn inntil 5 eigenspesifiserte spørsmål i undersøkinga, også mot ein spesifisert kostnad. Utviding av respondentgrunnlaget frå 100 til 200 respondentar, samt 5 tilleggsspørsmål, vil samla utgjere ein kostnad på 40.000kr.

### **Vurdering:**

Som i alle tidlegare framlegg om kommunereforma må det understrekast at tida er knapp dersom kommunestyret ønskjer å følgje utgreiingsløpet som er sett for reforma. Valet av nytt kommunestyret tilseier at det bør settast av godt med tid for nye medlemmer til å sette seg inn i saka og den lokale prosessen så langt. Dersom kommunestyret vil gå vidare med forhandlingar i høve regionkommunealternativet vil det truleg vere behov for å vurdere ekstraordinære møter i både kommunestyre og formannskap.